



Notat

Dato: 09.09.2014
Arkivsak: 2014/240-15
Saksbehandlar: hilklep

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Depotstrategi

I samband med handsaming av sak 49/14 i samferdselsutvalet bad Alf Helge Greaker (V) om at det vert lagt fram ei sak om depotstrategi som omhandlar korleis og i kva grad HFK/Skyss skal leige, eige og forvalte desse.

Det vert synt til Fylkestinget 11. og 12. juni 2014 då strategi for bussanlegg (depotstrategi) vart presentert i saksfremlegget til Kollektivstrategien.

Der står det omtala slik (utheva tekst syner strategi og tilråding vedkomande bussanlegg):

Det er forstått slik at ein i «*infrastruktur anlegg i anbodsområda*» legg bussanlegg med oppstillingsplassar, verkstad, oppmøtefasilitetar for sjåførar og liknande. Kollektivstrategien beskriv kva tilbod ein ønsker å tilby til dei reisande. Infrastruktur for operatørselskapa er ein nødvendig premiss for å få dette til, saman med til dømes tilstrekkeleg rekruttering til sjåføryrket og sjåførfasilitetar.

Då desse tema ikkje er direkte knytt til tilboden til dei reisande, og jf. mandat for arbeidet, er dette ikkje omtala i kollektivstrategien.

Det har tidlegare vore argumentert for, og vedteke, at det er tenleg at fylkeskommunen eig bussanlegg i bynære strøk, og ein har sikra seg viktige anlegg i og rundt Bergen. Utanfor Bergensområdet vil det vere naturleg å gjere ei konkret vurdering av kvar enkelt område når ein tek stilling til om fylkeskommunen skal stille slike anlegg til disposisjon.

Knytt til nye bussanlegg er det kontinuerleg vurderingar rundt anlegg for operatørane. Til dømes er det i samband med komande anbod i Sunnhordland gjennomført ein eigen prosess for å avklare denne problemstillinga. Det vert her vist til eiga sak om kjøp av anlegg i Sunnhordland, som vart lagt fram til handsaming juni, parallelt med kollektivstrategien.

